LINDÅS KOMMUNE
Seim skule

Benedicte Rakel Rikstad
Kapperdalsvegen 170
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Wergeland | 06.05.2019 |
| Vår: 17/2547 - 19/13881 | Anne.Wergeland@lindas.kommune.no | |

# Innkalling til møte i SU/SMU på Seim skule

**Dato:** Torsdag 23.mai 2019
**Tid:** kl.15:00 – 16:00
**Stad:** Seim skule, møterom 1.etg

## Del 1 Samarbeidsutvalet (SU)

**Sak 9/19 Godkjenning av referat frå møte 11.april 2019**

**Sak 10/19 Godkjenning av sakliste**

**Sak 11/19 Tilbakemelding frå elevrådet om aktuelle saker**

**Sak 12/19 Tilbakemelding frå FAU om aktuelle saker**

**Sak 13/19 Tilbakemelding frå skulen om aktuelle saker**

**Sak 14/19 Kvalitetsplan for Seim skule**
- Planen vert sendt ut saman med denne innkallinga
- Skulen ynskjer innspel frå SU

## Del 2 Skulemiljøutvalet

**Sak 15/19 Seim skule sitt system for systematisk arbeid for eit godt skulemiljø**

**Sak 16/19 Prosjekt Betre Læringsmiljø**
Presentasjon av prosjektet v/ prosjektgruppa:

*Prosjekt Betre Læringsmiljø er eit felles prosjekt for Meland, Radøy og Lindås kommunar. Prosjektet skal bidra til å sikre heilskap og system i arbeidet med å skape gode læringsmiljø i barnehage og skule.*

*Eitt av delmåla for fase 1 er å utarbeide forslag til standard for førebyggjande arbeid med å skape gode læringsmiljø i barnehage og skule i nye Alver kommune. I arbeidet med dette har det vore lagt vekt på kva forsking og føringar seier, og kva som er god, etablert praksis i kommunane våre. Vi har snakka med barn/elevar, tilsette og leiarar i ei rekkje barnehagar og skular, og dei har alle bidratt med erfaringar og praksis knytt til mellom anna relasjonsbygging, strukturar og samarbeid. Det er eit mål at endeleg forslag til standard skal spegle både forsking, føringar og god, etablert praksis. Den skal gi ei felles plattform som er tydeleg på kva som skal til for å skape gode læringsmiljø, og korleis ein sjølv bidrar.*

*Ei første skisse til standard har allereie vore til behandling i tre referansegrupper; SU i ein barnehage, ein barneskule og ein ungdomsskule. I etterkant har skissa blitt redigert og justert til vedlagte utkast som nå skal på ein breiare tilbakemeldingsrunde. Vi ønskjer å nå ut til alle barnehagar og skular (private og kommunale) i Meland, Radøy og Lindås. Vi meiner det er viktig at barn/elevar, tilsette, foreldre/føresette, eigarar og andre yrkesgrupper som er kopla til arbeidet med læringsmiljø, får moglegheit til å gi respons. Det er ope for å gi tilbakemelding som skule/barnehage, råd/utval, styre, team, trinn eller som enkeltperson.*

*For å gi respons må de gå via portalen SurveyMonkey. Bruk denne lenkja https://no.surveymonkey.com/r/RP9MCNJ eller vedlagte QR-kode. Undersøkinga er anonym og er open fram til og med* ***torsdag 29.mai 2019.*** *Prosjektgruppa og arbeidsgruppa vil bruke tilbakemeldingane i det vidare arbeidet med å ferdigstille eit forslag til standard som skal til styringsgruppa for godkjenning.*

«Prosjekt Betre Læringsmiljø - Utkast til standard» - vedlegg

Respons frå SMU ved Seim skule vert drøfta og lagt inn i portalen på møtet 23.mai.

Med helsing

Anne Wergeland
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Prosjekt Betre Læringsmiljø - Utkast til standard - Tilbakemeldingsrunde
03 05 19 Seim skule Kvalitetsplan 2019-2022

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Benedicte Rakel Rikstad | Kapperdalsvegen 170 | 5912 | SEIM |
| Gerd Karin Isaksen | Bruvegen 108 | 5914 | ISDALSTØ |
| Kjersti-Iren Innvær Ljones | Orresteinen 10 A | 5916 | ISDALSTØ |
| Laila Bjørge | | | |
| Mathias Solvi Køhne | | | |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Susanne Håland | Lurevegen 352 | 5912 | SEIM |
| Trine Rønn-Aar | Lurevegen 516 | 5912 | SEIM |
| Tuva Langøy | | | |